

## Ekskursjonsreglement Dale vgs

Ved å møte opp for å reise på klasseset godtar eleven vedlagte ekskursjonsreglement. Ekskursjonar som vert gjennomført i regi av Dale vidaregåande skule, skal vere faglege studiereiser arrangert av skulen. Difor gjeld skulen sitt reglement under heile ekskursjonen, også på kvelds- og nattetid. Følgjelærer(ar) skal heile tida vite kvar den einkilde elev er, også i tida etter at det offisielle programmet er slutt for dagen.

Desse reglane gjeld :

1. Det er absolutt forbod mot alkohol og andre rusmiddel under heile ekskursjonen.
2. Etter avtale med lærar kan elevgrupper oppsøkje stader dei er interesserte i etter at dagens program er over. Elevane skal då vere minst to saman. Ingen skal gå åleine.
3. Alle skal vere tilbake på overnattingsstad seinast kl. 23.00. Elevane skal kontakte lærar(ar) når dei kjem tilbake. Det skal vera ro på overnattingsstad kl. 22.30.
4. Alle skal møte presis og delta aktivt i alle delar av ekskursjonsprogrammet.
5. Elev som gjer seg skuldig i brot på reglementet kan bli send heim for eiga rekning. Brot på reglementet skal meldast rektor straks ekskursjonen er over.
6. Brot på ekskursjonsreglementet kan åleine føre til at eleven får nedsett karakter i orden og/eller åtferd.
7. Skulen ordnar skyss. Det er ikkje tillate å køyre privatbil.

Eg har sett meg inn i ekskursjonsreglementet og forstår konsekvensane som kan komme ved brot på dette.

-----  
Elevsignatur: \_\_\_\_\_

I tillegg for elev under 18 år, føresettsignatur: \_\_\_\_\_

Eg/vi kan nåast på telefon \_\_\_\_\_ dersom det skulle vere nødvendig.